



# Meland kommune

Kartverket Tinglysingen v/ Marit Stensrud  
Postboks 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1225 - 18/13302

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

19.06.2018

## Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 49/28

Knr 1256 Meland vert 01.01.2020 slått saman med Knr 1260 Radøy og Knr 1263 Lindås. Den nye kommunen vert Knr 4631 Alver.

I samband med avvikslistar er det funne at matrikkeleining 49/28 i Meland kommune er utgått i matrikkel og består i grunnboka.

Det er funne dokumentasjon på at denne eigedommen som vart oppretta ved skyldskifte i 1947 i dåverande Herdla kommune gbnr 8/15, ved seinare kartforretning har inngått i opprettinga av gbnr 49/116 og event også i 49/117.

I 1985 vart eigedommane 49 /116 og 117 frådelt ved kartforretning, då med Eva Halstensen som rekvirent / søkjar. På protokollen frå forretninga står Eva Halstensen oppført som heimelshavar til både 49/15 og 49/28.

Oppmålingsingeniør her meiner å ha forstått at 49/28 låg som ein del av det området som vart frådelt til Eigedommen 49/116. Beskrivelsen tyder også på dette, då det står at grensa tek til ved foten av vestre Sørhaugen. M .a. i grensegangsak frå jordskifteretten i 1984 står Sørhaugen også nevnt i grensa mellom 49/15 og 5. Dette tyder på at same arealet har vore frådelt 2 gongar.

Kommunen har tilskrive eigar av denne eigedommen som også var rekvirent i 1985 og lagt fram saka i brev av 03.05.2018. Det har ikkje kome innvendingar til kommunen si oppfatning av saka.

Det vert med dette bedt om at gbnr 49/28 vert sett som utgått i grunnboka då vedlagte skyldskifter og dokumentasjon viser at arealet der denne eigedommen låg, i 1985 vart frådelt til gbnr 49/116 og 49/117.

Med helsing

A. M. Gullbrå

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

49\_28\_diverse dokumentasjon



*ms*  
Marit Stensrud